



Grappa for festidagen sitt tilbud for born og unge: Kristian Olav Bringedal, Janne Hjørnevåg, Hege Lekva, Gunnhild Nilsen Hillestad og Frøydis Nilsen Mathisen. Heidi Pile og Monica Svellingen Hammer var ikkje til stades.

**Festidalen veks i kvalitet og breidde og i år veks den med Festidagen som ikkje berre er ein, men tre dagar. Dette tilbudet startar torsdag og held det gåande til laurdag ettermiddag opplysar Kristian Olav Bringedal som leiar grappa for born og unge. Han har med seg Hege Lekva, Janne Hjørnevåg, Monica Svellingen Hammer, Heidi Pile, Gunnhild Nilsen Hillestad og Frøydis Nilsen Mathisen og grappa hadde planleggjingsmøte ikveld.**

Dette er noko av det som skjer, reint stikkordmessig:

- \* Brettspel i telt ved Gamleskulen torsdag og fredag
- \* Klatring i Aktivitetshuset ved Barnas Turlag laurdag
- \* Småstjerner på Systrene Nilsen laurdag
- \* Festivalkor ved Inghild Fjell Helleland
- \* Musikkverkstad på Sløyden i Herøysund
- \* Street art-graffiti ved Gaute Haugland på Sanden
- \* Skriveverkstad i Helgheimskjellaren ved Mona Vetrhus og Arne Torget

\* Film-animasjon ved Merete Offerdal Tveit i Kvinnherad' Vekstbedrift

\* Foto-installasjon (fabeldyr) ved Mary Åbonen på Friluftsplassen

\* Hip hopp i Helgheim ved Agnes Eriksen og Iselin Brandal Berge

\* Avslutning på den store scenen på Dønhaug laurdag ettermiddag.

Alle skal melde seg på ein aktivitet, men kan vandre mellom fleire stasjonar etter avtale. Førrebeles er det ikkje gjort avtalar om kva arenaer som skal nyttast.

Det vert tilsyn på kvar gruppe av vaksne for å skapa tryggleik for borna.

Alt vil vera klart for påmelding i god tid før skulen tek sommarferie  
Det vert også eitt festidagen-program for vaksne.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Det skorta ikkje på unge talentar på Systrene Nilsen i fjor